

Rapport, kurs i musikkproduksjon - «Sommar på Osterøy» 2021

1. Kor mange barn var påmeldt, og kor mange møtte? Dersom kurset var over fleire dagar, kor mange møtte på dei ulike dagane?

Det var 6 påmeldte. 5 møtte måndag, 4 møtte tysdag, onsdag, torsdag, og 3 møtte på fredag.

2. Kor mange assistentar deltok frå vidaregåande, og kor mange timar jobba dei kvar?

Gabriel Vatle og Sebastian Reigstad var med alle fem dagane. Kvar av dei jobba totalt 31 timar.

3. Kva var innhaldet i kurset?

Me lærte om låtskriving, øvde oss på å skriva tekst og på å lytta til arrangement. Deretter gjekk me gjennom grunnleggande lydteknikk og gjorde ein del opptak i studio. Siste dagen gjekk med på miksing av låta.

4. Gav barna nokon tilbakemelding på korleis dei opplevde kurset?

Fleire av dei sa rett ut at dei var veldig nøgd med *låta*, så då reknar eg med det gjeld kurset også.

5. Kva ynskjer du/de at barn og unge skal sitte att med etter å ha delteke på kurset?

Grunnleggande evner til låtskriving og lydteknikk, samt ein ny kompis eller to.

6. Kva erfaringar har de gjort dykk med kurset? Kva fungerte bra, og kva kunne ha vore løyst annleis (òg med tanke på kommunen si rolle)? Kan de tenke dykk å delta på dette fleire gangar om muligheten er der?

Det bør leggest endå meir vekt på å av-mystifisera prosessen og bryta sperrene som er i vegen for f.eks. tekstskrivning. Samtidig trur eg det er lurt å komprimera låtskrivings- og lyttedagen til éin dag, og heller evt. bruka lenger tid på opptak og miksing.

Ein får også *veldig* mykje meir ut av eit slikt kurs dersom ein faktisk kan synga eller spele instrument. Det bør kanskje presiserast endå meir i ein eventuell neste runde, samtidig som eg framleis meiner at det skal vera ope for alle.

Så måtte eg halda kurset på engelsk fordi det var to påmeldte som ikkje kunne norsk. Det gjekk eigentleg heilt fint, men det er sånt som ein bør spørja om i påmeldingsfasa, sånn at lærar / kurshaldar f.eks. kan førebu presentasjonar på riktig språk 😊

7. Andre kommentarar

Kom ikkje på å ta bilete, men det var heller ikkje så mange av denne gjengen som kunne takast bilete av.